



Protokoll styremøte

på Hol, 5 september 2017 kl 13:00

Desse møtte: Styreleiar Arne Presthus, Nestleiar Kjetil Larsgard, Svein Hjelmeland, Reidar Stenberg, Ivar Bjørkedokken og Tore Gunnar Hjortland.

Frå administrasjon: Dagleg leiar Sølvi Gundersen og Janne Alsaker
Hilde Marie Ro og Marit Hesvik hadde meldt avbud til styremøtet.

Sak 29/17 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: innkalling og saksliste vart godkjend.

Sak 30/17 Godkjenning av referat frå styremøte 11.mai 2017

Vedtak: referatet vart godkjend og signert.

Sak 31/17 Halvårsrekneskap for 2017 orientering i forhold til 2016.

Dagleg leiar gjekk gjennom rekneskapen. Informerte om delar av LV tilskudd som må søkast om no når halvårsrekneskapen er klar. Mykje høgare budsjett i halvårsrekneskapen enn kva som er brukt i år og i fjor ved halvt år. Grunnen til dette er summen som blir sett ved eit heilt år. Når denne blir delt på to, og mesteparten av utlønninga skjer ved slutten av året, så vil den vere høgare no.

Vedtak: rekneskapen vart teken til etterretning.

Sak 32/17 Orientering om den daglege drift, og forholdet til Lt. Buskerud.

Arne orienterer: Landbrukstjenester Buskerud sendte ut mail til nokre av våre medlemmer om at dersom bøndene skulle melde seg inn hos dei, så måtte dei melde seg ut frå oss. Det blei då teke kontakt med styreformann der, som igjen kontakta dagleg leiar og ho kontakta Frode i Norske Landbrukstenester. Frode kontakta samvirkeforetaket. Svaret frå samvirkeforetaket sa at eit medlem kan vere medlem i to lag.

Vedtak: Orientering tatt. Teke til etterretning.

Sak 33/17 Styremedlem som har meldt seg ut av LT Folgefonna ønsker ikkje å sitte i styret resten av perioden sin. Første vara frå Buskerud trer inn som fast medlem om styret godkjenner dette.

Det er ikkje nødvendig med eit vedtak ettersom at ein har ei varaliste. Utmelding må skje innan 6 månadar før året er omme. Hilde Marie Ro går ut av styret.

Vedtak: Utmeldinga blir teke til etterretning

Sak 34/17 Landbruksvikarordningen i Buskerud

Det er no 4,5 stilling i Buskerud. Vi manglar 270 000 i LV tilskudd og 40 000 i administrasjonstilskudd på den siste stillinga. Denne må vi og Landbrukstjenester Buskerud søke om å få.

Vedtak: Søke på siste stillinga.

Sak 35/17 Lærlingordninga i Landbruket

[Skriv inn tekst]

Arne informerte om siste nytt.

Vedtak: Styret vil arbeide vidare med denne saken.

Sak 36/17 Ymse

Informasjon om arbeidet med å skaffe kontaktpunkt i Buskerud. Har ikkje fått eit endeleg svar.

Ingen andre saker var meldt inn til styret.

Møtet slutt ca 15:00

Ref Janne Alsaker